



Statens vegvesen

BKK Digitek AS
Kokstadvegen 37
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
18/222308-2

Dykkar referanse:
12055398

Vår dato:
23.10.2018

Svar på informasjon om ny høgspenntrase i øvre del av Romarheimsdalen – Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 03.10.2018 der de kjem med opplysningar om at BKK Nett AS planlegg ein ny høgspenntrase gjennom øvre del av Romarheimsdalen. Dette er ynskjeleg for å knyte saman høgspennettet på Matre med høgspennettet utover fjorden.

Meldinga vert sendt for å informera om dei foreløpige planane og be om innspel frå råka partar.

BKK Nett har i dag ein kabel frå Matre og opp til Steinareset og denne ynskjer ein å føre vidare til eksisterande nettstasjon på sørsida av Nipetunnlen. Frå Steinareset og sør til Nipetjørn er alternativet jordkabel som det er ynskjeleg å legge ca. 6–7 meter frå vegkant og då for det meste på vegvesenet sin grunn.

Frå Nipetjørn og sørover er det aktuelt med to alternativ. Det eine alternativet er jordkabel heile vegen langs E39 fram til gamlevegen der ein vil grave i gamlevegen eit stykke før kablen vert lagt i borehol gjennom fjellet.

Det andre alternativet er ei luftlinje frå Nipetjørn og fram mot nettstasjonen sør for Nipetunnlen.

For delar av strekninga vil det kunne vere konflikt mellom interessene til BKK og Statens vegvesen sine interesser m.a. på grunn av at kabeltraseen vert lagt langs E39 og nært opptil denne viktige riksvegen. Det er lagt opp til å legge kabeltraseen i en avstand på 6–7 meter frå vegkanten. Dersom ein skal kunne få minst mogeleg konflikt på dei strekningane der høgspenntlassen skal leggast i kabel må det utarbeidast eit detaljert arbeidsopplegg slik at ein grev opp/planerar høvelege strekningar før kablen vert lagt ned.

Det må her utarbeidast ein skilt og sikringsplan som skal godkjennast av Statens vegvesen før arbeid kan setjast i gang. Det kan takast kontakt med nordhordland@arbeidsvarsling.no som vil kunne kome med råd i samband med utarbeiding av planen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen vil anbefale at ein på strekninga mellom Nipetjørn og sørover til Nipetunnelen vel alternativet med luftlinje då det vil vere ei enklare løysing med omsyn til konflikt med riksvegen gjennom Romarheimsdalen.

Statens vegvesen vil gjerne delta i samband med synfaring langs den aktuelle traseen og kome med innspel til løysingar.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ